



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 08.06.2017
Møtetid: kl. 20:00
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Marit Jøssang, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Andreas Westermoen.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 11.05.17 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000006 Kyrkje/kultursaka. Statusoppdatering

Sak 000007 Samanslåing av fellesråd. Statusoppdatering

Sak 000008 Møte med stiftsdirektøren 16.05

Det er ein ide med ein søknad til bispedøme om prosjektmidlar til å arbeide med foreldre som medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet. Søknaden må forankrast godt i staben.

Sak 012/17 Framlegg til møteplan hausten 2017

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

<i>AU</i>	Soknerådet	Merknad/faste saker	Stad
<i>19.juni kl 16.00</i>	24.08	Mandat og medlemmer til fellesnemnd	Møteplassen
	31.08	Alle tre fellesråda	Knarvik kyrkje?



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

		møtest	
14.09		NAMU-rettleiing	Kyrkjekontoret
	28.09	Høyring om ny kyrkjelov innan 1.10?	Møteplassen
	26.10	Medarbeidertreff	Nordgardsløa
	09.11		Møteplassen
	14.12	Budsjett 2018 Val av leiar/nestleiar	Møteplassen

Sak 013/17 Høyring - forslag til nye regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og

Forslag til vedtak:

Av kapasitetsomsyn vel vi å konsentrere oss om nokre få sentrale moment og prinsippsspørsmål. Valreglane elles må underordnast desse prinsippa.

Vi meiner det er viktig å halde fast på indirekte val til bispedømmeråd og Kyrkjeråd.

- Av omsyn til distrikta, meiner vi det er viktig å halde fast på indirekte val. Stader som har lågt folketal, men utgjer eit stort tal sokn i eit vidstrakt land kan miste representasjon. Dermed er det stor fare for at berre byane blir representerte.
- Indirekte val understreker og at det er sokna som er grunnkjernen i Kyrkja, - ja den eigentlege kyrkja, jamfør vedkjenningskriftene til Den norske kyrkja: «Kirken er forsamlingen av de hellige, der evangeliet blir lært rent og sakramentene forvaltet rett.» CA 7. Sokneråda er demokratisk valde, og representativt demokrati er godt grunngeve og ofte nytta i mange organisasjonar og verksemder. Dette er vanleg i dei fleste kyrkjer i verda, og i mange interesseorganisasjonar i Noreg, til dømes Fotballforbundet, som har indirekte val på delegatar til landsmøtet.
- Indirekte val minskar risikoen for å fjerne kyrkja frå kjerneoppgåvene, og minkar risikoen til å gjere henne til ei «aksjonskyrkje».
- Ein nominasjonskomite er viktig for å rekruttere ut frå kven som er eigna, og syte for ei ansvarleg breidde.

Sjølv om dette ikkje er tema for denne høyringa, meiner vi at no når kyrkja er sjølvstendig, bør kyrkja revurdere å knytte valet til kommunevalet på nytt.

- Vi bør lytte til eit samla Stålsettutval si grunngeving for dette. I eit pluralistisk samfunn er det ikkje grunnlag for å gje trussamfunnet Den norske kyrkja ei slik særbehandling.
- Valet bør i staden knyttast til kyrkjer og gudstenestestader. Ein bør kunne velje i alle kyrkjene innanfor eit fellesrådsområde. I tillegg må det vere høve til førehandsrøysting.
- Dei store kostnadane knytt til å ha dagens valordning bør ein også kunne stille spørsmål til når kyrkja til dømes slit med å ha dei nødvendige stillingar til å vere landsdekkande.

Møtebehandling:



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Språkleg korrektur kan gjerast i vedtakstekst etter møtet

Vedtak:

Som framlegg til vedtak. Samrøysta vedtak.

Sak 014/17 Innspel til revidert budsjett og økonomiplan for 2018-2021

Forslag til vedtak:

Budsjettet blir ikkje revidert i dette møtet. Det blir vurdert på nytt til hausten. Framlegg til økonomiplan vert lagt fram til hausten.

Møtebehandling:

Kyrkjeverja la fram eit notat etter møtet med økonomiutvalet. Det vart ein samtale omkring saka.

Vedtak:

Budsjettet blir ikkje revidert i dette møtet. Det blir vurdert på nytt til hausten. Framlegg til økonomiplan vert lagt fram til hausten.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellestrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje